



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 21.02.2018  
**Tid:** 15:00 – 19:30

## Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

## Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

## Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Økland	Helse- og sosialsjef (i sak PS 16/18)
Anne Lise Næs Olsen	Avd. leiar plan og utvikling (i sak PS 16/18)
John Karsten Raunholm	Skulesjef (i sak PS 16/18)
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Geir Røssland	Leiar Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (i sak PS 16/18)
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift (i sak PS 16/18)

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Bente Fitjar  
Møtesekretær

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukket</b>
PS 1/18	Godkjenning av protokoll	
PS 2/18	Ny leigekontrakt med Stiftinga Havnahuset. Godkjenning av refinansiering og ny garanti for restlåna i Stiftinga.	
PS 3/18	Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2017	
PS 4/18	Innføring av fakturagebyr på papirfaktura	
PS 5/18	Endring av margin i skatterekneskapen	
PS 6/18	Omfang av leveringspliktige posttenester - høyring	
PS 7/18	Strategisk plan for Samarbeidsrådet 2018-2021	
PS 8/18	Søknad om kommunal vigsel utanom normaltilfelle - Torland/Leivestad	
PS 9/18	Planstrategi for Fitjar kommune, 2017-	
PS 10/18	Fullmakt til å setje i verk ymse investeringar	
PS 11/18	Årskog industriområde - Momentliste for drøfting	
PS 12/18	Formannskapet som styringsgruppe for drift av Smedholmen	
PS 13/18	Vedtaking av kommunevåpen og -flagg	
PS 14/18	Nye bompengetakstar på ferjesambanda Huftamar - Krokeide og Husavik - Sandvikvåg	
PS 15/18	Ymse	
PS 16/18	Meldingar	
PS 17/18	Makebytte av areal	X

Sak PS 16/18 – Meldingar og sak PS 15/18 – Ymse handsamast etter sak PS 18/18 – Godkjenning av protokoll.

Innkalling og sakliste godkjent med denne merknaden.

## **PS 1/18 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 2/18 Ny leigekontrakt med Stiftinga Havnauset. Godkjenning av refinansiering og ny garanti for restlåna i Stiftinga.**

### **Framlegg til vedtak:**

Oppvekst og omsorg har ikkje merknader til leigekontrakten slik den ligg føre og rår til at kommunestyret godkjenner den. Oppvekst og omsorg sender saka vidare til formannskapet for vidare handsaming av lån og garantiar.

Ein rår formannskapet til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner ny leigeavtale med Stiftinga Havnauset som vist i saka. Fitjar kommunestyre godkjenner refinansiering av restlåna i Stiftinga ca kr. 16,834 mill., nedbetalt over 20 år.

Fitjar kommunestyre gjev sjølvskuldnargaranti for heile lånesummen pluss margin slik det går fram av saka. Det vert å søkja fylkesmannen om godkjenning av garantien.

### **Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 13.02.2018:**

#### **Vedtak i oppvekst og omsorg(Samrøystes)**

Oppvekst og omsorg har ikkje merknader til leigekontrakten slik den ligg føre og rår til at kommunestyret godkjenner den. Oppvekst og omsorg sender saka vidare til formannskapet for vidare handsaming av lån og garantiar.

#### **Tilråding til formannskapet: (Samrøystes)**

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner ny leigeavtale med Stiftinga Havnauset som vist i saka. Fitjar kommunestyre godkjenner refinansiering av restlåna i Stiftinga ca kr. 16,834 mill., nedbetalt over 20 år.

Fitjar kommunestyre gjev sjølvskuldnargaranti for heile lånesummen pluss margin slik det går fram av saka. Det vert å søkja fylkesmannen om godkjenning av garantien.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere gildskapen hennar, då ho er styreformann i Stiftinga Havnauset. Ho vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Framlegg frå varaordførar Agnar Aarskog om tillegg til tilrådinga:

Ein ber om at fastrente på deler av lånet blir vurdert.

#### **Tilråding til kommunestyret: (4 røyster)**

Fitjar kommunestyre godkjenner ny leigeavtale med Stiftinga Havnauset som vist i saka. Fitjar kommunestyre godkjenner refinansiering av restlåna i Stiftinga ca kr. 16,834 mill., nedbetalt over 20 år. Ein ber om at fastrente på deler av lånet blir vurdert.

Fitjar kommunestyre gjev sjølvskuldnargaranti for heile lånesummen pluss margin slik det går fram av saka. Det vert å søkja fylkesmannen om godkjenning av garantien.

## **PS 3/18 Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2017**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å ta finansforvaltningsrapporten til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Kommunestyret tar finansforvaltningsrapporten til vitande.

## **PS 4/18 Innføring av fakturagebyr på papirfaktura**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tilrår Kommunestyret å gjere følgjande vedtak:

1. Rådmannen vert gjeve fullmakt til å innfører fakturagebyr for papirfaktura på alle tenesteområder.
2. Følgjande områder vert unntatt frå gebyr:
  - Foreldrebetaling barnehage
  - Sjølvkostområda
  - Dagopphald og kortidsopphald institusjon
3. Fakturagebyret vert sett til kr 40,- med tillegg av meirverdiavgift på dei tenestene det tilkjem.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Formannskapet drøfta saka.

Kan det vurderast andre tiltak for å redusere portoutgifter? Samlefactura for fleire tenester, sende faktura annakvar månad, evt kvartalsvis. Kommunen bør senda ut informasjon, og oppmoda innbyggjarane om å gå over til e-faktura og opne digitale brev før dei vert skriven ut.

Etter drøftinga trekte rådmannen saka.

### **Vedtak:**

Saka vart trekt.

## **PS 5/18 Endring av margin i skatterekneskapen**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å endre skattemargen frå 8 % til 10 % gjeldande frå skatteåret 2018.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Formannskapet drøfta saka, rådmannen svara på spørsmål.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Skattemarginen vert endra frå 8 % til 10 % gjeldande frå skatteåret 2018.

## **PS 6/18 Omfang av leveringspliktige posttenester - høyring**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune tek høyring om endringar i Postlova og Posten sin omdelingsfrekvens til vitande.

Fitjar kommune stør i hovudsak dei vurderingar departementet har gjort med omsyn til omdelingsfrekvens, men har likevel følgjande merknader:

Ei omlegging til postombering mindre enn 5 dagar kvar veke må leggja til grunn at posten blir levert til faste dagar kvar veke.

Det bør kartleggast om endringar i omdelingfrekvens slår systematisk skeivt ut opp mot avisdistribusjon, det er då særskilt interessant å sjå korleis endringa slår ut for mindre lokalaviser der føresetnader for eigne distribusjonskanalar er lite hensiktsmessig eller urimeleg kostnadskrevjande. Fitjar kommune vil i den samanheng peika på at særordning med omdeling av aviser på laurdagar kan opphøyra, dei midlane som vert frigjort ved ei slik endring bør nyttast til å kompensera eventuelle systematiske skeivheiter i avismarknaden.

I høve til sending av biologiske preparat bør det sikrast at helseføretaka får plikt til å gje tilbod om frakt for alle legekontor som naturleg soknar til det aktuelle føretaket, tilsvarande for spesialiserte laboratorietenester slik som ved Rikshospitalet. Per tidspunkt er i realiteten allereie ordninga med framsending kommersialisert for denne type sendingar.

Fitjar kommune er positiv til at det vert lagt til rette for dagleg omdeling til postboksar og at det vert skaffa heimel for å gje pålegg om slikt tilbod ved alle faste ekspedisjonsstader. Det er viktig at det vert oppretthalde ein naudsynleg tal ekspedisjonsstader, minimum ein i kvar av dagens kommunar.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Administrasjonen vil omarbeida uttalen fram mot neste møte i kommunestyret, og utarbeide endeleg uttale basert på drøftinga i kommunestyret. Rådmannen får fullmakt til å utarbeida endeleg uttale.

### **Moment som kan inngå i eit endeleg vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar kommune tek høyring om endringar i Postlova og Posten sin omdelingsfrekvens til vitande.

Fitjar kommune stør i hovudsak dei vurderingar departementet har gjort med omsyn til omdelingsfrekvens, men har likevel følgjande merknader:

Ei omlegging til postombering mindre enn 5 dagar kvar veke må leggja til grunn at posten blir levert til faste dagar kvar veke.

Det bør kartleggast om endringar i omdelingfrekvens slår systematisk skeivt ut opp mot avisdistribusjon, det er då særskilt interessant å sjå korleis endringa slår ut for mindre

lokalaviser der føresetnader for eigne distribusjonskanalar er lite hensiktsmessig eller urimeleg kostnadskrevjande. Fitjar kommune vil i den samanheng peika på at særordning med omdeling av aviser på laurdagar kan opphøyr, dei midlane som vert frigjort ved ei slik endring bør nyttast til å kompensera eventuelle systematiske skeivheiter i avismarknaden.

I høve til sending av biologiske preparat bør det sikrast at helseføretaka får plikt til å gje tilbod om frakt for alle legekantor som naturleg soknar til det aktuelle føretaket, tilsvarande for spesialiserte laboratorietenester slik som ved Rikshospitalet. Per tidspunkt er i realiteten allereie ordninga med framsending kommersialisert for denne type sendingar.

Fitjar kommune er positiv til at det vert lagt til rette for dagleg omdeling til postboksar og at det vert skaffa heimel for å gje pålegg om slikt tilbod ved alle faste ekspedisjonsstader. Det er viktig at det vert oppretthalde ein naudsynleg tal ekspedisjonsstader, minimum ein i kvar av dagens kommunar.

## **PS 7/18 Strategisk plan for Samarbeidsrådet 2018-2021**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune godkjenner «Strategisk plan for Samarbeidsrådet 2018-2021» slik den no ligg føre.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet ynskjer å ta inn fylgjande tillegg i planen; under punkt Regional utvikling, statlege arbeidsplassar: Høgrisiko fengsel i regionen.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune godkjenner «Strategisk plan for Samarbeidsrådet 2018-2021» slik den no ligg føre.

## **PS 8/18 Søknad om kommunal vigsel utanom normaltlfelle - Torland/Leivestad**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere følgjande vedtak

1. Malene Løklingholm Leivestad (25.10.94) og Morten Bauge Torland (16.02.87) vert innvilga borgarleg vigsel i Fitjar kommune.
2. Sandra Djupevåg Eri (14.11.89) og Torstein Eldøy (29.12.89) vert innvilga borgarleg vigsel i Fitjar kommune.

3. Sandra Djupevåg Eri (14.11.89) og Torstein Eldøy (29.12.89) vert innvilga vigsel utanom det alminnelege tilbodet, om bord på M/S Sunnhordland, i Stord kommune, laurdag 05.05.2018 mellom 11.00 – 17.00.
4. Kommunestyrevedtak av 22.11.17 i sak 46/17 vert endra til:
  1. *Fitjar kommune skal ha tilbod om vigsel til alle som ynskjer det, på verkedagar mellom kl. 08.00 og 15.00. Kommunestyresalen skal nyttast som vigslingslokale*
  2. *I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til gjennomføra vigslar frå 01.01.18.*
  3. *Fitjar kommune vil eventuelt koma tilbake til spørsmålet om å tilby vigsel utanom det alminnelege tilbodet.*
5. Gebyr for å vigsle par som ikkje er innbyggjarar i kommunen vert sett til kr 1 500,-.
6. Standardsatsar for å vigsle par utanom kontortid og andre stadar enn i kommunestyresalen vert sett til:
  - Kr. 200,- for oppvarming av kommunestyresalen utanom kontortid.
  - Statens regulativ for transportkostnader ved vigsel andre stadar enn i kommunestyresalen, samt dekning av eventuelle pådratte transportkostnader ut over dette.
  - Kr. 1 200,- pr. time til dekning av lønskostnad for vigslar ved vigsel utanom kontortid, med ein time som minstebeløp.
7. Vedtaka om gebyr er heimla i Forskrift om kommunale vigslar § 3.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Etter at saka var sendt ut, har paret Eri-Eldøy trekt sin søknad om kommunal vigsel. Tilrådinga rettast ut frå dette.

Framlegg frå representanten Dagfinn Brekke (KRF) om å endra pkt 2.1. i tilrådinga til:  
*Fitjar kommune skal ha tilbod om vigsel til alle som ynskjer det, og som oppfyller vilkåra, på verkedagar mellom kl. 08.00 og 15.00. Kommunestyresalen skal nyttast som vigslingslokale.*

Framlegg frå rådmannen om å endra pkt. 2.2. i tilrådinga til:

*I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til gjennomføra vigslar.*

Formannskapet drøfta saka.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

1. Malene Løklingholm Leivestad (25.10.94) og Morten Bauge Torland (16.02.87) vert innvilga borgarleg vigsel i Fitjar kommune.
2. Kommunestyrevedtak av 22.11.17 i sak 46/17 vert endra til:
  1. *Fitjar kommune skal ha tilbod om vigsel til alle som ynskjer det, og som oppfyller vilkåra, på verkedagar mellom kl. 08.00 og 15.00. Kommunestyresalen skal nyttast som vigslingslokale.*
  2. *I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til gjennomføra vigslar.*

*3. Fitjar kommune vil eventuelt koma tilbake til spørsmålet om å tilby vigsel utanom det alminnelege tilbodet.*

3. Gebyr for å vigsle par som ikkje er innbyggjarar i kommunen vert sett til kr 1 500,-.
4. Standardsatsar for å vigsle par utanom kontortid og andre stadar enn i kommunestyresalen vert sett til:
  - Kr. 200,- for oppvarming av kommunestyresalen utanom kontortid.
  - Statens regulativ for transportkostnader ved vigsel andre stadar enn i kommunestyresalen, samt dekning av eventuelle pådratte transportkostnader ut over dette.
  - Kr. 1 200,- pr. time til dekning av lønskostnad for vigslar ved vigsel utanom kontortid, med ein time som minstebeløp.
5. Vedtaka om gebyr er heimla i Forskrift om kommunale vigsler § 3.

## **PS 9/18 Planstrategi for Fitjar kommune, 2017-**

### **Framlegg til vedtak:**

Utvalet gir følgjande tilbakemelding til arbeidsgruppa.

### **Erfaringar med gjeldande kommuneplan og delplanane i denne:**

### **Utviklingstrekk og utfordringar i kommunen og regionen som påverkar planbehovet:**

### **Ny, kjende overordna føringar som påverkar planbehovet:**

### **Dei nasjonale forventingane for planperioden:**

### **Matrise med oversikt over eksisterande og nye planar med status, prioriteringar, tidsplan og kommentar om budsjett- og ressurskonsekvensar:**

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Delt ut i møtet: Skjema for planstrategi Fitjar kommune 2016-2019.

Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte om bakgrunn for saka, og om vurderinga av prioritering av arbeid med planar i kommunen.

Formannskapet drøfta saka, kultursjef Bente Bjelland svara på spørsmål.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) la føre følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek følgjande prioritering av planar slik:

1. Rullering kulturminneplan med oppstart våren 2018, ferdig hausten 2019
2. Rullering plan for idrett og friluftsliv, oppstart hausten 2019, ferdig vinteren 2019

Strategisk næringsplan 2014-2018 forlengast til hausten 2020.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Formannskapet vedtek følgjande prioritering av planar slik:

1. Rullering kulturminneplan med oppstart våren 2018, ferdig hausten 2019



2. Rullering plan for idrett og friluftsliv, oppstart hausten 2019, ferdig vinteren 2019  
Strategisk næringsplan 2014-2018 forlengast til hausten 2020.

## **PS 10/18 Fullmakt til å setje i verk ymse investeringar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet gjev Rådmannen løyve til å setja i verk nye investeringar innanfor den skisserte ramma på kr 4 210 000,-.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Formannskapet drøfta løyvinga av kr. 250 000,- til strandpromenade, som ikkje er nok til å fullføra prosjektet. Det er ynskjeleg at prosjektet vert sett i gong no. Løyvinga flyttast inn i ramma for prosjekt som skal iverksetjast no, og inngår med det i fullmakta til rådmannen.

Formannskapet la føre følgjande felles framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev rådmannen løyve til å setja i verk nye investeringar innanfor den skisserte ramma på kr 4 460 000,-.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Formannskapet gjev rådmannen løyve til å setja i verk nye investeringar innanfor den skisserte ramma på kr 4 460 000,-.

## **PS 11/18 Årskog industriområde - Momentliste for drøfting**

### **Framlegg til vedtak:**

### **Konklusjonar og prioritering:**

Formannskapet vil prioritera følgjande arbeidsoppgåver:

#### Kort sikt:

Få undersøkt massebalanse, grunnlag for eventuelt sal av stein.

Vurdera sal av deler av «stripe» i nord.

Planleggja rusbustader.

Søknad om midlar til fortau. Frist påske (1. april).

#### Lengre sikt:

Planleggja arrondering av området i sør, jf. Reg.plan.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Formannskapet drøfta saka.

**Vedtak:****Konklusjonar og prioritering:**

Formannskapet vil prioritera følgjande arbeidsoppgåver:

Kort sikt:

Få undersøkt massebalanse, grunnlag for eventuelt sal av stein.  
Vurdera sal av deler av «stripe» i nord.  
Planleggja rusbustader.  
Søknad om midlar til fortau. Frist påske (1. april).  
Planleggja arrondering av området i vest, jf. Reg.plan.

Lengre sikt:

Planleggja arrondering av området i sør, jf. Reg.plan.

**PS 12/18 Formannskapet som styringsgruppe for drift av Smedholmen****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidsgruppa for utvikling av framtidig drift av Smedholmen og får jamleg rapport om arbeidet.

**Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om saka. Det har vore eit arbeidsmøte, og det skal arrangerast idemyldring 5. mars.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 13/18 Vedtaking av kommunevåpen og -flagg****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

1. Kommunevåpen blir:  
på blå botn, vikinghjelm i gull sett frå framsida, våpenskjold med kvit borde og gullkrone på topp.
2. Kommuneflagg blir  
på kvit duk, sentrert våpenskjold over kommunenamn i blått.
3. Vedtaket er fatta med heimel i kommuneloven § 3 6).

**Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

1. Kommunevåpen blir:  
på blå botn, vikinghjelm i gull sett frå framsida, våpenskjold med kvit borde og gullkrone på topp.
2. Kommuneflagg blir:  
på kvit duk, sentrert våpenskjold over kommunenamn i blått.
3. Vedtaket er fatta med heimel i kommuneloven § 3 6).

### **PS 14/18 Nye bompengerakstar på ferjesambanda Huftamar - Krokeide og Husavik - Sandvikvåg**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Fitjar kommune tar til vitande at bompengerakstane for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper når fylkeskommunen tek i bruk det nye AutoPASS-regulativet.
2. Fitjar kommune ber at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengerakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsonar i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

#### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Nytt vedlegg i saka sendt på iPad i dag: epost frå Statens vegvesen, dat. 19.02.18.

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka.

Ved røysting vart framlegget delt i to.

Det vart først røysta over pkt. 1, dette vart samrøystes vedteke. Pkt. 2 fekk 3 røyster (H (Tislevoll), AP og KRF), mot 2 røyster (H (Prestbø) og FRP).

#### **Vedtak:**

1. Fitjar kommune tar til vitande at bompengerakstane for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper når fylkeskommunen tek i bruk det nye AutoPASS-regulativet.
2. Fitjar kommune ber at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengerakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsonar i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

### **PS 15/18 Ymse**

#### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Spørsmål meldt til ymse vart handsama i sak PS 16/18, Meldingar.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Ønsker ein status på rulleringa av skulebruksplanen. Er det starta? Framdrift m.m.

- Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om status og plan for arbeidet med skulebruksplanen i 2018.

Ser og på saken til siste møtet i oppvekst og omsorg, angående prikk til Fitjar fjordhotell, har ikkje sett referatet fra møtet. Men eg syns det virker som flisespikkeri at dei skal få prikk for ein ubetydelig bagatell. Kan me ta ein kjapp diskusjon på det?

- Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte om bakgrunn for prikktildeling.

Det er gebyr på timebestilling via appen til legekantoret i Fitjar. I følge Forbrukerrådet er ikkje dette lov. Bør ikkje me då instruere legekantoret om dette?

- Helse- og sosialsjef Anne Økland skal sjekke opp i dette, og kjem attende med informasjon om saka.

## **PS 16/18 Meldingar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 21.02.2018:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om førebels rekneskap 2017 slik det nå ligg føre, og svara på spørsmål frå formannskapet.

#### Handsama i møtet:

- Skatteinngang januar 2018
- Kulturdep., Høyring - forslag om endring i lov om stadnamn  
Høyringsuttale frå Fitjar kommune
- Språkrådet, Høyring – om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn  
Høyringsuttale frå Fitjar kommune
- Tilsegn om investeringsstøtte, ombygging fløy FBB
- Korrigert tilsagn om investeringstilskot – U.off: Offl § 13/Fvl § 13
- PS 9/18 – Ny norm for pedagogisk bemanning i barnehagane
- Auka utgifter til barnehageplassar 2018
- KS debattheft
- FKIB – løyve til filmframsyning
- Regionalt digitaliseringssamarbeid
  - Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte
- Samarbeid om drift av IKT
  - Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte
- Hordfast AS – kjem politisk sak om dette seinare
- Avtale med Statens vegvesen vedk. eigedom i Fitjar sentrum, prosjekt miljøgate (sendt på iPad i dag)

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 17/18 Makebytte av areal**